



Vassregionmyndigheita for vassregion Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
PB 7900  
5020 Bergen

Trondheim, 16.12.2014

Deres ref.:  
2014/16490-5

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2014/8041

Saksbehandler:  
Line Fjellvær

## Fråsegn til regional vassforvaltningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram og tiltakstabell for Hordaland vassregion.

Miljødirektoratet viser til høyringsbrev til regional vassforvaltningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram for Hordaland vassregion 2016-2021 av 30.06.2014 og sender med dette vår fråsegn. Fråsegna sumerar opp dei viktigaste tema i innspela våre. Sjå vedlegg for innhaldet i fråsegna.

Miljødirektoratet vil rosa aktørane på så vel vassområde- som vassregionnivå for å ha gjort ein betydeleg innsats i forarbeidet til denne plana. Dette bidrar til økt fokus på heilskapleg trygging og bærekraftig bruk av vassførekomstane i regionen og med det bidra til å oppfylle formålet med vassforskrifta.

### Miljømål

Miljømåla er den sentrale delen av den regionale vassforvaltningsplanen. Innspel knytt til miljømåla bør difor vektas særskilt.

### Tiltak

Oppsummeringa av tiltaksprogrammet i forvaltningsplanen skal kunne stå på egne bein slik at Regjeringa ved førebuing av Kongeleg resolusjon for planen skal kunne bruka informasjonen i kapittelet om tiltaksprogram som grunnlag for avgjerd.

Innspel for å forbetre og justere tiltaksprogrammet med tiltakstabellane er inkludert i vedlegget til fråsegna. Vi har undersøkt at eigne tiltak som er spelt inn tidlegare er rett framstilt, undersøkt andre relevante tiltak og eventuelt justert for riktig etat og rett namngjeving av påverknad.

### Overvaking

Det regionale overvakingssystemet er og inkludert i høyringa for Hordaland. Våre kommentarar til dette ligger hovudsakeleg i innspel og kommentarar til kapittelet om overvaking i forvaltningsplanen samt omtale av problemkartlegging i tiltaksprogrammet.

### **Regulerte vassdrag og sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF)**

Det er uheldig at nasjonal rettleiing og avklaringar om miljømål for SMVF og regulerte vassdrag spesielt ikkje låg føre før i oktober 2013 (nasjonal revisjonsgjennomgang) og februar 2014 (SMVF veileder). For mange av vassregionane var dette på overtid når det gjeld dei medverknadsprosessane som gikk føre seg for å klargjere forslag til vassforvaltningsplaner for høring.

### **Klima**

Miljødirektoratet er særst positiv til at klimaperspektivet er drøfta i forvaltningsplanen, og at ein generell skildring av klimaendringar og klimaeffektar er gitt. Skildringa av forventade klimaendringar i regionen og kva for konsekvens klimaendringar har på vassmiljøet er godt og grundig presentert. Miljødirektoratet ser svært positivt på at Hordaland legg vekt på at tiltaka som blir foreslått i tiltaksprogrammet bør være robuste mot klimaendringane.

### **Medverknad og samråd**

Dei konkrete innspela frå oss er gitt ei kort skildring med ei tabellarisk linje slik at dei enkelt kan summerast opp saman med andre fråsegn i høve til journalar foreslått i rettleiar 03:2010 Veiledning om medvirkning og samråd.

Ta gjerne kontakt med oss for spørsmål i forbindelse med fråsegna vår.

Hilsen

Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur*

Yngve Svarte  
avdelingsdirektør

Line Fjellvær  
seksjonsleder

### **Vedlegg:**

- Vedlegg I: Innspel til regional vassforvaltningsplan for Hordaland
- Vedlegg II: Innspel til tiltakstabellane (Excel) Hardanger
- Vedlegg III: Innspel til tiltakstabellane (Excel) Nordhordland
- Vedlegg IV: Innspel til tiltakstabellane (Excel) Vest
- Vedlegg V: Innspel til tiltakstabellane (Excel) Voss-Osterfjord
- Vedlegg VI: Innspel til tiltakstabellane (Excel) Sunnhordland
- Vedlegg VII: Miljømål i regulerte vassdrag (Excel)

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Rogaland fylkeskommune	Boks 130	4001	Stavanger
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59 Sentrum	4001	Stavanger
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	Leikanger
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	Leikanger